



OSTERØY KOMMUNE
RÅDHUSET
5282 LONEVÅG

Dato: 12.05.2016
Vår ref.: 2014/21474-40
Saksbehandlar: snowaag
Dykkar ref.:

Fråsegn til forslag til kommunedelplan for sjø og strandsone 2016-2026, Osterøy kommune

Hordaland fylkeskommune viser til brev datert 11.03.2016 om offentlig ettersyn av forslag til kommunedelplan for sjø og strandsone 2016-2026, for Osterøy kommune.

Hordaland fylkeskommune har vurdert kommunedelplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

I møte i Utval for kultur, idrett og regional utvikling den 10. mai 2016, vart det fatta følgjande vedtak:

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner Osterøy kommune har gjort eit grundig arbeid for å avklare heilskapleg og overordna arealbruk i forslag til kommunedelplan for sjø- og strandsone, mellom anna gjennom kartlegging og bruk av funksjonell strandsone som verktøy i forvaltninga av strandsona i kommunen. Det er positivt at kommunen har satsa på fellesløyser som sikrar ålmenta tilgang til sjø- og strandsona.
2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at forslag til kommunedelplan for sjø- og strandsone er i strid med nasjonale og regionale kulturminneverdiar når det gjeld utviding av Hosanger kyrkjegard.

Forslag til arealbruk må takast ut av planen eller endrast for å betre sikre nasjonale og regionale kulturminneinteresser. Forslaget må endrast til ein arealbruk som ikkje er i strid med kulturminnelova. Det er knytt motsegn til dette punktet.

3. Utval for kultur, idrett og regional utvikling har særlege merknader når det gjeld kulturminne:

- I. *Generelle føresegner for omsynsoner H570 og H730 vist i saksframlegget vert tatt inn i planframlegget ved endeleg godkjenning.*
- II. *Hordaland fylkeskommune viser til at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminneloven ikkje er oppfylt. Tiltak i samband med utarbeiding av reguleringsplan eller ved søknad om tiltak må dette vera avklart jf kulturminnelova. Dersom det vert avdekt konflikt med automatisk freda kulturminne, må tiltak justerast eller eventuelt leggast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde.*
- III. Omsynssona for Hosanger kyrkjestad (H570_6) og bygningsmiljøet i Mjøsvågen (H570_75) bør regulerast til ei samla omsynssone med føremål vern.
- IV. Kulturmiljøfredinga av Havråtunet er sårbar for tiltak i nærmiljøet. Hordaland fylkeskommune ser det som positivt at planen opnar for at oppdrettsanlegget på Blom vert flytta. Ei utviding av akvakultur på Blom vil derimot verka negativt inn på kulturmiljøet.

4. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner akvakultur i for liten grad er ivaretatt i planframlegget frå Osterøy kommune, særlig i høve til reduksjon av areal avsett til akvakultur. Det er knytt motsegn på følgjande punkt:
- Det må sikrast tilfredsstillande erstatningsareal for dagens akvakulturproduksjon på Blom.
 - Akvakulturområde ved Litletveithola må sikrast tilstrekkeleg areal og tilpassast ved rekefeltet ved Litletveithola slik at fortøyingane frå anlegget kan plasserast på ein forsvarleg måte.
 - Føresegn knytt til utslepp frå anlegg ved Skaftå vert teke ut av planen sidan dette er forhold som vert regulert i anna lovverk, og vil slik det ligg føre ikkje mogeleggjere framtidig akvakulturaktivitet.
5. Utval for kultur, idrett og regional utvikling har særlege merknader når det gjeld akvakultur:
- Det bør ikkje stillast generelt krav om reguleringsplan for alle akvakulturanlegg i kommunen.
 - Nokre av dei ledige akvakulturområda bør vidareførast.
 - Det bør takast inn ei føresegn som sikrar utlegging av fortøyingar i fleirbruksområde utafor akvakulturområda.

Protokoll og saksframlegg er vedlagt.

Eva Katrine Taule
Kst. plansjef

Snorre Waage
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
FYLKESMANNEN I HORDALAND

Arkivsak: 141

Arkivnr: 2014/21474-27

Saksbehandlar: Snorre Waage, Eva Katrine Taule, Endre Korsøen, Jan Nordø, Sølve Sondbø, Gunnhild Raddum, Anne Mette Nesje Porten, Silje Øvrebø Foyn, Gunnbjørg Austrheim, Inger Lena Gåsemyr, David Aasen Sandved

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling	78/16	10.05.2016

Fråsegn til kommunedelplan for sjø og strandsone 2016-2026, Osterøy kommune**Samandrag**

Føremålet med planarbeidet er å få på plass eit godt styringsverktøy for arealforvaltninga i sjø og for strandsona. Osterøy kommunen ønskjer å sikre innbyggjarar og andre tilgang til rekreasjonsområde i strandsona og i sjø, ivareta viktige naturverdiar og legge til rette for ei hensiktsmessig næringsutvikling. Planen skal sikre ei overordna og heilskapleg arealavklaring for sjø og strandsona. Prosessen rundt planarbeidet har vore omfattande.

Planen gjer eit tydeleg oversyn over Osterøy kommune sine utfordringar, interesser og status knytt til sjø- og strandsoneforvaltning. Planen gjev etter vår vurdering eit godt grunnlag som reiskap for kommunen si planlegging og forvaltning av strandsona. Knytt til *akvakultur* og *kulturminne* har fylkeskommunen sine viktigaste merknader. Fylkesrådmannen rår til at det vert fremja motsegn knytt til desse fagområda.

Å legge til rette for ei berekraftig havbruksnæring er ei viktig forvaltningsoppgåve for Hordaland fylkeskommune. Dette inneber mellom anna å sjå til at det er sett av tilstrekkeleg areal i sjø for akvakultur. I forslaget til kommunedelplan for sjø- og strandsone er det foreslått endringar som vil gjere det vanskeleg å oppretthalde drift ved fleire område. På bakgrunn av dette er det knytt fleire motsegnspunkt til planforslaget.

Det må sikrast tilfredsstillande erstatningsareal for dagens akvakulturproduksjon på Blom. Verdiar knytt til lokaliteten på Blom strekk seg på tvers av sektorar, inkludert nasjonale kulturminneverdiar på Havråtunet. Det er svært viktig for akvakulturforvaltninga at nytt areal vert tilgjengeleggjort. Ved ei fjerning av akvakulturområde ved Blom, må alternativt område med tilsvarende føresetnader og kvalitetar gjerast tilgjengeleg. Akvakulturområde ved Litletveithola må utvidast, då dei foreslåtte endringane vil gje ei uhøveleg negativ verknad på akvakulturnæringa. Det er òg knytt motsegn til føresegn for akvakultur ved Skaftå.

Krav om reguleringsplan for alle akvakulturområde er lite hensiktsmessig. Prosessen rundt konsesjonshandsaminga etter akvakulturlova er allereie omfattande og ivaretek breidda i omsyn etter fleire lovar. Krav om reguleringsplan for akvakultur bør difor rettast mot konkrete område der det er eit særskilt behov.

Osterøy kommune har i stor grad tatt omsyn til kjende kulturminne og kulturmiljø i konsekvensutgreiinga. Det er knytt motsegn til utviding av Hosanger kyrkjegard, då forslaget er i strid med nasjonale og regionale kulturminneverdiar. Det er merknader når det gjeld avgrensing av omsynssover vern til Hosanger kyrkjestad og Hamre kyrkjestad, kulturmiljøfredinga Havrå, og utviding av Bruvik kyrkjestad og retningsliner og føresegner for omsynssover for bevaring kulturmiljø og omsynssover bandlegging. Kulturminne er ikkje tilstrekkeleg integrert i dei generelle føresegna og må rettast opp.

Kommunen har gjort ei kartlegging av funksjonell strandsone og nytta dette i vurderingar av innspel til tiltak i strandsone. Dette gjer eit godt utgangspunkt for faglege og konsistente vurderingar. Det er positivt at kommunen har satsa på fellesløysingar i strandsone for tilkomst, då det er viktig at kommunen sikrar ålmenta tilgang til sjø. For å unngå bruk av naust som fritidsbustad, eller anna som vil føre til auka privatisering av strandsone, har kommunen sett klare føresegner om kva som er tillate i strandsone.

Forslag til vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner Osterøy kommune har gjort eit grundig arbeid for å avklare heilskapleg og overordna arealbruk i forslag til kommunedelplan for sjø- og strandsone, mellom anna gjennom kartlegging og bruk av funksjonell strandsone som verktøy i forvaltninga av strandsona i kommunen. Det er positivt at kommunen har satsa på fellesløysingar som sikrar ålmenta tilgang til sjø- og strandsona.
2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at forslag til kommunedelplan for sjø- og strandsone er i strid med nasjonale og regionale kulturminneverdiar når det gjeld utviding av Hosanger kyrkjegard.

Forslag til arealbruk må takast ut av planen eller endrast for å betre sikre nasjonale og regionale kulturminneinteresser. Forslaget må endrast til ein arealbruk som ikkje er i strid med kulturminnelova. Det er knytt motsegn til dette punktet.

3. Utval for kultur, idrett og regional utvikling har særlege merknader når det gjeld kulturminne:
 - V. Generelle føresegner for omsynsoner H570 og H730 vist i saksframlegget vert tatt inn i planframlegget ved endeleg godkjenning.
 - VI. Hordaland fylkeskommune viser til at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminneloven ikkje er oppfylt. Tiltak i samband med utarbeiding av reguleringsplan eller ved søknad om tiltak må dette vera avklart jf kulturminnelova. Dersom det vert avdekket konflikt med automatisk freda kulturminne, må tiltak justerast eller eventuelt leggast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde.
 - VII. Omsynssona for Hosanger kyrkjestad (H570_6) og bygningsmiljøet i Mjøsvangen (H570_75) bør regulerast til ei samla omsynssone med føremål vern.
 - VIII. Kulturmiljøfredinga av Havråtunet er sårbar for tiltak i nærmiljøet. Hordaland fylkeskommune ser det som positivt at planen opnar for at oppdrettsanlegget på Blom vert flytta. Ei utviding av akvakultur på Blom vil derimot verka negativt inn på kulturmiljøet.
4. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner akvakultur i for liten grad er ivaretatt i planframlegget frå Osterøy kommune, særlig i høve til reduksjon av areal avsett til akvakultur. Det er knytt motsegn på følgjande punkt:
 - Det må sikrast tilfredsstillande erstatningsareal for dagens akvakulturproduksjon på Blom.
 - Akvakulturområde ved Litletveithola må sikrast tilstrekkeleg areal og tilpassast ved rekefeltet ved Litletveithola slik at fortøyingane frå anlegget kan plasserast på ein forsvarleg måte.
 - Føresegn knytt til utslepp frå anlegg ved Skaftå vert teke ut av planen sidan dette er forhold som regulerast i anna lovverk, og vil slik det ligg føre ikkje mogeleggjere framtidig akvakulturaktivitet.
5. Utval for kultur, idrett og regional utvikling har særlege merknader når det gjeld akvakultur
 - Det bør ikkje stillast generelt krav om reguleringsplan for alle akvakulturanlegg i kommunen.
 - Nokre av dei ledige akvakulturområda bør vidareførast.
 - Det bør takast inn ei føresegn som sikrar utlegging av fortøyingar i fleirbruksområde utafor akvakulturområda.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 10.05.2016

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2 vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 3 vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 4 vart vedteke mot 1 røyst (MDG).
Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 5 vart vedteke mot 1 røyst (MDG).

Vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner Osterøy kommune har gjort eit grundig arbeid for å avklare heilskapleg og overordna arealbruk i forslag til kommunedelplan for sjø- og strandsone, mellom anna gjennom kartlegging og bruk av funksjonell strandsone som verktøy i forvaltninga av strandsona i kommunen. Det er positivt at kommunen har satsa på fellesløysingar som sikrar ålmenta tilgang til sjø- og strandsona.
2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at forslag til kommunedelplan for sjø- og strandsone er i strid med nasjonale og regionale kulturminneverdiar når det gjeld utviding av Hosanger kyrkjegard.

Forslag til arealbruk må takast ut av planen eller endrast for å betre sikre nasjonale og regionale kulturminneinteresser. Forslaget må endrast til ein arealbruk som ikkje er i strid med kulturminnelova. Det er knytt motsegn til dette punktet.

3. Utval for kultur, idrett og regional utvikling har særlege merknader når det gjeld kulturminne:
 - IX. *Generelle føresegner for omsynsoner H570 og H730 vist i saksframlegget vert tatt inn i planframlegget ved endeleg godkjenning.*
 - X. *Hordaland fylkeskommune viser til at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminneloven ikkje er oppfylt. Tiltak i samband med utarbeiding av reguleringsplan eller ved søknad om tiltak må dette vera avklart jf kulturminnelova. Dersom det vert avdekt konflikt med automatisk freda kulturminne, må tiltak justerast eller eventuelt leggast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde.*
 - XI. Omsynssona for Hosanger kyrkjestad (H570_6) og bygningsmiljøet i Mjøsvågen (H570_75) bør regulerast til ei samla omsynssone med føremål vern.
 - XII. Kulturmiljøfredinga av Havråtunet er sårbar for tiltak i nærmiljøet. Hordaland fylkeskommune ser det som positivt at planen opnar for at oppdrettsanlegget på Blom vert flytta. Ei utviding av akvakultur på Blom vil derimot verka negativt inn på kulturmiljøet.
4. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner akvakultur i for liten grad er ivaretatt i planframlegget frå Osterøy kommune, særleg i høve til reduksjon av areal avsett til akvakultur. Det er knytt motsegn på følgjande punkt:
 - Det må sikrast tilfredsstillande erstatningsareal for dagens akvakulturproduksjon på Blom.
 - Akvakulturområde ved Litletveithola må sikrast tilstrekkeleg areal og tilpassast ved rekefeltet ved Litletveithola slik at fortøyingane frå anlegget kan plasserast på ein forsvarleg måte.
 - Føresegn knytt til utslipp frå anlegg ved Skaftå vert teke ut av planen sidan dette er forhold som vert regulert i anna lovverk, og vil slik det ligg føre ikkje mogeleggjere framtidig akvakulturaktivitet.
5. Utval for kultur, idrett og regional utvikling har særlege merknader når det gjeld akvakultur:
 - Det bør ikkje stillast generelt krav om reguleringsplan for alle akvakulturanlegg i kommunen.
 - Nokre av dei ledige akvakulturområda bør vidareførast.
 - Det bør takast inn ei føresegn som sikrar utlegging av fortøyingar i fleirbruksområde utafor akvakulturområda.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
regionaldirektør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 05.04.2016

1. Bakgrunn

Osterøy kommune har sendt kommunedelplan for sjø og strandsone 2016-2026 på høyring med frist 09. mai 2016. Fylkeskommunen har fått utsett frist grunna politisk handsaming til 13. mai 2016. Hordaland fylkeskommune vurderer planen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar. Utval for kultur, idrett og regional utvikling kan gje fråsegn og fremje motsegn til planen dersom viktige regionale og nasjonale interesser står på spel.

Når motsegn blir fremma må kommunen endre planen, som regel etter å ha drøfta problemstillingar og løysingar i møte med fylkeskommunen. Dei fleste motsegnene blir avklart i møte med kommunen, men dersom det ikkje blir semje vil planen gå til mekling hos Fylkesmannen i Hordaland.

Dersom faglege tilrådingar om motsegn på bakgrunn av nasjonale kulturminneinteresser ikkje vert fylgt opp av politiske organ i fylkeskommunen, skal fylkeskommunen gje melding om dette til Riksantikvaren som kan fremja motsegn i saka. (jf. Forskrift til Kulturminnelova kap. 1, § 3)

Fylkeskommunen må ta atterhald om alle byggeområde i planen til undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova er oppfylt. Dette gjeld både land og sjøområde.

1.1 Planprosess og medverknad

Proessen rundt planarbeidet har vore omfattande, med deltaking frå mellom anna kommunen, fylkeskommunen og fylkesmannen. Hordaland fylkeskommune har gitt innspel til planprogrammet i brev av 21.10.2014. Osterøy kommune har vore i planforum og drøfta utkast til planprogrammet for kommunedelplanen den 30.09.2014, og utkast til kommunedelplan for sjø- og strandsone den 27. oktober 2015.

2. Innhald i planen

Planomtale

Føremålet med planarbeidet er å få på plass eit godt styringsverktøy for arealforvaltninga i sjø og for strandsona. Kommunen ønskjer å sikre innbyggjarar og andre tilgang til rekreasjonsområde i strandsona og i sjø, ivareta viktige naturverdiar og legge til rette for ei hensiktsmessig næringsutvikling. Planen skal sikre ein overordna og heilskapleg arealavklaring for sjø og strandsona.

Det er gjennomført ei kartlegging av verdiane i strandsona, som omfattar mellom anna friluftsliv, landskap, naturmangfald og kulturminne. På bakgrunn av kartlegginga er den lokalt avgrensa strandsona fastsett, kalla funksjonell strandsone. Dette dannar grunnlag for fastsetting av ny byggjegrænse mot sjø som skal erstatte 100 m byggjegrænse (fastsett i plan- og bygningsloven for alle område som grensar til sjø der anna byggjegrænse ikkje er sett). Ny byggjegrænse er berre vurdert i område avsett som eksisterande eller framtidig byggeområde (føremål i plankartet). I området som ligg med føremål LNF i kommune(del)planen er det 100 m byggjegrænse mot sjø i samsvar med plan- og bygningslova.

Planframlegget legg opp til 32 arealendringar i strandsona. Dei fleste områda er knytt til eksisterande infrastruktur og eksisterande bygningsmasse. I tillegg er det fleire arealendringar som er stadfesting av eksisterande bruk. For å sikre fri ferdsel i strandsona er det spesifisert at det ikkje er lov til å setje opp fysiske stengsel eller andre tiltak som kan hindre ferdsel. Planframlegget sikrar nye areal til friluftsliv og

opnar for 12 nye friområde og friluftsområde. Samstundes vert det opna for nedbygging av strandsone gjennom nye byggjeområde. Styring av arealbruken gjennom føresegner og lokalisering i område med infrastruktur og eksisterande bygg gjer at dei negative verknadane vert små.

Det er i kommuneplanen sin arealdel avsett 17 område for akvakultur i sjø, samt eit område for «Friluftsliv, ferdsle, fiske, natur og akvakultur (skjeldyrking)». Av desse er det i dag 8 område som har konsesjon til å drive produksjon av matfisk (laks, regnbogeaure og aure) i sjø.

Kommunen ønskjer å gjere endringar knytt til akvakulturnæringa, og ønskjer i ein framtidig struktur at det er få men større lokalitetar. Bakgrunnen for ønske om endringar er mellom anna at det har vore konflikter med aktivitet i strandsona gjennom restriksjonar på ferdsel og aktivitetar som er rundt eksisterande anlegg. Ved å flytte akvakulturområde lenger frå land sikrar ein interessene til akvakultur samstundes som det vert eit lågare konfliktnivå med aktivitetar i strandsona.

I tillegg ønskjer kommunen i større grad å ta omsyn til miljøtilhøva kring akvakulturanlegga. Det er viktig for kommunen at framtidig drift må oppretthalde eit godt miljø i fjorden, og kommunen ønskjer med sine arealgrep i sjø å redusere oppdrettsaktivitet innanfor Votlo-terskelen. Gjennom endra krav til miljøkvalitet ønskjer kommunen å sikre at tilgjengelege areal for utvikling av akvakultur innanfor Osterøybrua skjer innafør ei miljømessig forsvarleg ramme.

Plankart og føresegner

Nytt plankart og føresegner vert gjeldande for heile kommunen sitt areal.

Innspel og konsekvensutgreiing

Det har berre vert opna for innspel om arealendringar i strandsona og ut til kommunegrensa i sjø. Med strandsone meiner ein det som er kartlagd som funksjonell strandsone eller 100 m beltet på land. Det er i eit tilfelle gjort arealendringar ut over denne planavgrønsinga for å sikre ein heilskapleg arealforvaltning.

I samband med merknadsperioden kom det til saman inn 43 innspel som omfattar arealendringar og andre merknadar. Der er også teke inn arealendringar på bakgrunn av kartlegging og medverknad. Konsekvensar av arealendring og risiko og sårbaranalyse er utført for alle arealendringane som er vurdert. I konsekvensutgreiinga er det vurdert til saman 49 arealendringar. På bakgrunn av desse vurderingane er dei ulike tiltaka tilrådd eller ikkje-tilrådd. Innspel som er tilrådd er lagt inn i arealplankartet.

3.Vurdering av regionale interesser

3.1 Generelt om planen

Planen gjer eit godt oversyn over Osterøy kommune sine utfordringar og status knytt til sjø- og strandsoneforvaltning. Prosessen rundt planarbeidet har vore omfattande med deltaking frå mellom anna kommunen, fylkeskommunen og fylkesmannen.

I kommunen sitt saksframlegg er det synleggjort 11 vurderingskriterier og målsettingar som er lagt til grunn for arbeidet med kommunedelplanen. Vi stiller oss positive til kriteriene som kommunen har valt ut, og

meiner dette har vore eit godt utgangspunkt for arbeidet med kommunedelplanen. Vi ønskjer å berømme kommunen for eit tilgjengeleg og fagleg godt planforslag.

3.2 Strandsone

Det er positivt at kommunen har gjort ei kartlegging av funksjonell strandsone og nytta dette i vurderingar av innspel til tiltak i strandsona (Funksjonell strandsone er definert som «Den sona som står i innbyrdes direkte samspel med sjøen både økologisk, topografisk og/eller bruksmessig»). Dette gjer eit godt utgangspunkt for faglege og konsistente vurderingar. Det er positivt at kommunen har satsa på fellesløysingar i strandsona for tilkomst, då det er viktig at kommunen sikrar ålmenta tilgang til sjø.

For å unngå bruk av naust som fritidsbustad, eller anna som vil føre til auka privatisering av strandsona, har kommunen sett klare føresegner om kva som er tillate i naust. Dette inneber mellom anna at det er lov å leggja inn vatn i naust men ikkje lov til å setje inn toalett eller dusj. Det er òg sett føringar for storleik på naust og mønehøgde. I tillegg er det sett krav om reguleringsplan for tiltak i naustområde.

Planen gjev etter vår vurdering eit godt grunnlag for å kunne vera eit godt reiskap for kommunen si planlegging og forvaltning av strandsona.

Strandsone er ein viktig ressurs som grunnlag for busetnad, næring og rekreasjon. Fylkesrådmannen ønskjer å framheve at strandsona må ivaretakast i eit langsiktig perspektiv som ressurs for lokalmiljøet med fokus på natur- og landskapsopplevingar, biologisk mangfald, friluftsliv og kulturminne. Det er eit mål å ivareta allmenne interesser og unngå uheldig utbygging.

3.3 Barn og unges interesser

Kommunen har i planarbeidet nytta seg av barnetråkk-registreringar. Det er ein metode der born og unge vert involvert i kommunal planlegging ved at dei registrerar bruken av areal i sine nærmiljø. Ferdelsårer, område for opphald og leik, område som vert oppfatta som utrygge og liknande vert registrert. I 2009 vart det gjennomført barnetråkkregistreringar i alle barnehagar og barneskular i Osterøy kommune. Fylkesrådmannen er positiv til både gjennomføring av slike registreringar og korleis desse vert nytta i planarbeidet. I dette kommunedelplanarbeidet har kommunen i tillegg arbeida parallelt med barnetråkk registreringar og prosjektet «Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde» for å sikre eit godt kunnskapsgrunnlag og at barn og unges interessert vert vektlagt i planprosessen. Dette er i tillegg svært positivt sett frå eit folkehelseperspektiv.

3.4 Friluftsliv og folkehelse

Fylkesrådmannen stiller seg svært positiv til at kommunen har det å sikre tilgang til verdifull strandsone for ålmenta som eit av sine viktige føremål med planen. Tilgangen til natur og friluftsområde er ein viktig kvalitet for innbyggjarar og tilreisande i kommunen. Det er i dag god tilgang i mange område til strand og sjønære areal, men som det vert opplyst i planskildringa er strandsona i enkelte tettstadar svært nedbygd og utilgjengeleg for ålmenta. Tilgjengeleggjing av strandsona og tilrettelegging for friluftsliv i strandsona er prinsipp som vi er glad for å sjå eit så tydeleg fokus på i kommunedelplanen. Det er positivt at kommunen systematisk har sikra attraktive område for friluftsliv i strandsona.

Det er eit overordna politisk mål at alle skal ha moglegheit til å utøve helsefremjande, trivsleskapande og miljøvenleg friluftsliv og fysisk aktivitet i det daglege livsmiljøet og i kringliggjande naturområde. Friluftsliv er eit fellesgode som må sikras som kjelde til god livskvalitet, betre folkehelse og bærekraftig utvikling. Fylkesrådmannen meiner kommunen har godt ivareteke folkehelseaspekt i kommunedelplanen.

3.5 Landskap

All utbygging har verknad på landskapet og fjernverknader av tiltak i strandsona kan få særleg store konsekvensar grunna lange siktliner. Generelt meiner vi at kommunen i sitt planforslag i hovudsak har ilagt landskapsverdiar grundig vekt i vurdering av innspel til kommunedelplanen. Der konsekvensutgreiinga synleggjer at tiltak kan gje negative konsekvensar for landskap, er landskapsinteressene vekta opp mot andre samfunns- og naturinteresser på ein god måte, som fylkeskommunen i all hovudsak er samd med. I fleire tilfelle er tiltaka ikkje tilrådd mellom anna med bakgrunn i negative konsekvensar for landskapsbiletet.

3.6 Akvakultur

I gjeldande kommuneplan sin arealdel er det avsett 14 område for akvakultur i sjø for oppdrett av laksefisk, to akvakulturområde for skjeldyrking, samt eit fleirbruksområde kor skjeldyrking kan tillatast. I høyringsframlegget er 10 område for akvakultur i sjø, to område for skjeldyrking, samt fleirbruksområde kor skjeldyrking kant tillatast fjerna. I tillegg er akvakulturområde ved Litletveitholane kraftig redusert.

Tre akvakulturområde ved Tepstad, Angelskår og Skaftå er utvida og flytta lenger ut i fjorden. Omkring desse areala og akvakulturområde ved Litletveitholane er det sett av areal kor det er tillat med dyrking av tare og skjel, samt fortøyingar og ankerfeste for oppdrettsanlegg.

For område ved Skaftå er det laga ei føresegn om at det det ikkje skal vera utslepp av organiske partiklar til resipienten, samt at delar av arealet ikkje kan takast i bruk før drifta på lokaliteten Blom er avslutta. Det er sett av krav om reguleringsplan for alle akvakulturanlegg.

Generelle kommentarar

I Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging av 12.06.2015 heiter det mellom anna at «Fylkeskommunene og kommunene sikrer tilstrekkelig areal til fiskeri- og havbruksnæringa i kystsonen planleggingen, og avveier dette mot miljøhensyn og andre samfunnsinteresser. Arealbehovet ses i et regionalt perspektiv».

Stortingsmelding 16 (2014-2015) om Forutsigbar og miljømessig bærekraftig vekst i norsk lakse- og ørrettoppdrett, står mellom anna at «den regionale og kommunale arealplanlegginga er viktig for å sikre dei langsiktige arealbehova i fiskeri- og havbruksnæringane», og at «samtidig som ein set av nok areal til framtidig havbruk, må ein optimalisere bruken av allereie tildelt areal, og ein må leggje vekt på miljøomsyn». Det vert i tillegg sagt at planlegginga må sørge for andre samfunnsinteresser og omsyn i kystsona.

I Regional næringsplan for Hordaland 2013 -2017 er havbruksnæringa trekt fram som ei av dei viktigaste næringane i fylket. Havbruksnæring er viktig for verdiskaping og for sysselsetting i distrikta. Næringa har potensiale for vekst og utvikling og det er heilt avgjerande at fylkeskommunen er med på å leggje gode rammevilkår. Areal til produksjon av sjømat er ein viktig faktor. I Handlingprogram for næringsutvikling i Hordaland 2016 er eit av innsatsområda innan marin sektor å «sikre næringa areal for berekraftig vekst og utvikling».

Akvakultur er ei stor næring i Osterøy kommune, og p.t. er det gjeve løyve til matfiskproduksjon ved i alt 9 sjølokalitetar. I tillegg er det etablert fleire landbaserte anlegg for produksjon av yngel og settefisk, og på Valestrandsfossen ligg lakseslakteri og fiskeforedling. Over 150 personar er tilsett i desse verksemdene. I lys av storleiken havbruksnæringa har i Osterøy og kva betydning den har for kommunen, meiner fylkeskommunen at det er viktig å leggje til rette for næringa. Ein avgjerande faktor for å kunne utnytte havbruksnæringa sitt produksjonspotensial er tilgang på eigna areal til sjømatproduksjon, og at areala som vert sett av til dette formålet, vert utnytta på ein best mogleg måte.

Sjøområda som vert sett av til AK-område eller fleirbruksområde med akvakultur kring eksisterande anlegg bør vera store nok til å dekke behovet for å skifte ut og justere anleggs plassering. Bli områda små kan dette vanskeleggjere anleggs- og fortøyingsskifting innanfor arealplanen, og ein vil kunne få søknad om dispensasjon frå planen ved mindre endringar på lokaliteten. Dette vil vera uheldig i tilfelle der verksemdar vil skifta ut eldre anlegg med nyare og til dømes meir rømmingssikre installasjonar. På sikt vil det på grunn av dette bli vanskelegare å drive anlegga på ein miljømessig berekraftig måte.

Etter akvakulturlova sine §§ 6 og 15 fyrste ledd kan det ikkje gjevast løyve i strid med vedtekne arealplanar etter plan- og bygningslova. Dette er vidareført i laksetildelingsforskrifta § 30 bokstav d og marinfiskforskrifta § 7 bokstav d, der det går fram at lokalitet for akvakultur kan klarerast dersom det ikkje er i strid med vedtekne arealplanar etter plan- og bygningslova. Det same vil gjelde for endringar på allereie tildelte lokalitetar. Heile oppdrettsanlegget i overflata inklusiv fôrflåte, fortøyingar og ankerfeste må i planen liggje i areal som er planlagt for dette føremålet.

Fjerning av 4 akvakulturområde der det er gjeve løyve etter akvakulturlova


Akvakulturområde ved lokalitetane Kvamme og Øyjordsvika er fjerna, og til erstatning er det lagt ut større område ved lokalitetane Angelskår og Tepstad. Dette er i samsvar med ønska utvikling og i tråd med innspel frå næringa.

Ved lokalitetane Nye Bruvik og Blom er akvakulturområda fjerna. Nye Bruvik er ein lokalitet som ikkje er i bruk, og er av selskapet vurdert som ein lokalitet som ein ikkje vil bruka meir.

Løyve etter akvakulturlova vil gjelde sjølv om arealet til akvakultur vert fjerna i arealplanen. Før eller sidan får verksemda behov for utskifting av anleggsdelar, men dette vil ikkje vera muleg fordi eit slikt tiltak vil vera strid med planen. På sikt vil soleis lokaliteten måtte leggjast ned. Verksemda har ved Blom eit løyve etter akvakulturlova til oppdrett av matfisk av laks og aure med ein maksimal tillaten biomasse på 3120 tonn. Lokaliteten er godkjent for eit kompakt stålanlegg med tilhøyrande fôringsflåte. Anlegget er i bruk, og det står regnbogeare for store verdjar i anlegget.

Lokaliteten Blom er i bruk og innehavar vil bruke den vidare framover. Frå eit akvakulturperspektiv er det mogelegheitene for vidare matproduksjon i sjø som er av størst betydning. Om det er overveidande interesser for å fjerne akvakulturområde ved Blom, er det svært viktig for akvakulturforvaltninga at nytt areal vert tilgjengeleggjort, og slik det no ligg føre i planforslag med utvidelse av Skaftå, gjer det ikkje det. Ved ei eventuell fjerning av Blom, må alternativ med tilsvarende føresetnader og kvalitetar gjerast tilgjengeleg.

Fylkeskommunen vektlegg behovet for forutsigbarheit i vurderinga av området ved Blom. Det har vore anlegg på lokaliteten i over 20 år, og akvakulturområde i arealplanen sidan 2003. Fylkesrådmannen rår til at det vert fremja motsegn til dette punktet.




Figur 1 a og b: Endringsforslag i ny kommunedelplan. Akvakulturlokalitet ved Blom er fjerna, medan Skaftå er utvida.

Reduksjon av akvakulturområde ved Litletveithola

Reduksjonen av akvakulturområdet ved Litletveitholane vil umuleggjere endringar og utskifting av anleggsutstyr. Hovuddelen av eksisterande anlegg ligg utafor framlegget til nytt og redusert akvakulturområde. For å gjere endringar muleg må eksisterande akvakulturområde vidareførast og justerast i ny plan.

Næringsaktør ved lokaliteten har ikkje vore rådført i høve til endringane som er gjort, og det er ikkje grunnleggjande kvifor arealet er redusert, og innteikna slik det no ligg føre. Verksemda har ved Litletveithola eit løyve etter akvakulturlova til oppdrett av matfisk av regnbogeare med ein maksimal tillaten biomasse på 1560 tonn. Lokaliteten er godkjent for eit plastringanlegg med tilhøyrande fôringsflåte. Anlegget er i bruk, og det står regnbogeare for store verdiar i anlegget.

Fylkeskommunen har vektlagt behovet for forutsigbarheit i vurderinga av området ved Litletveithola. Det har vore anlegg på lokaliteten i over 15 år, og akvakulturområde i arealplanen sidan 2003. Fylkesrådmannen rår til at det vert fremja motsegn til dette punktet.



Figur 2 a og b: Endringsforslag i ny kommunedelplan. Reduksjon av akvakulturarealet ved Litletveithola

Fortøyningar i rekestrålfeltet ved Litletveithola

Gjeldande akvakulturområde tangerer eit areal som er sett av til trålfelt, ein mindre del av fortøyningane frå anlegget mot vest og sør er slik dei ligg i dag plassert i rekefelt. I dialog med Fiskeridirektoratet bør problemstillinga kunne avklarast. Planen må endrast slik at fortøyningane frå anlegget kan plasserast på ein forsvarleg måte. Fylkesrådmannen rår til at det vert fremja motsegn til dette punktet.

Fjerning av akvakulturområde utan løyve etter akvakulturlova

Det å fjerne akvakulturområde i arealplanen betyr at det i den komande planperioden ikkje er muleg å etablere ny akvakultur, og planen viser ikkje utviklingsmuligheitene på lang sikt innan akvakultur. Denne næringa er kjent for rask teknologiutvikling. Ny teknologi, andre artar og driftsformer bør og kunne etablerast i Osterøy kommune. Slik planforslaget ligg føre er dei føreslåtte akvakulturområda allereie opptekne, og det er lite utviklingspotensiale innan næringa i kommunen. Fylkesrådmannen tilrår at kommunen gjer ei ny vurdering av dei ledige akvakulturområda for å sjå om ikkje nokon av dei kan vidareførast.

Krav om reguleringsplan for akvakulturområda

Det går fram av saka at krav om reguleringsplan for akvakulturanlegg er sett for at kommunen skal kunne ha høve til å vurdere utforming av anlegget og kunne på detaljnivå setje krav til tiltak som for eksempel støy, lys, fargeval, med meir. Vidare vil kommunen ha same plankrav til næringsverksemd i sjø som på land for å sikre lik handsaming og prosess.

Det er ikkje vanleg praksis med krav om reguleringsplan til akvakulturområde verken i Hordaland eller elles i landet. Det er allereie etablert ein omfattande og grundig søknadsprosess etter akvakulturlova, som ivaretek omsyn til arealplanar og vernetiltak samt annan interesseavveging, miljømessig forsvarlegheit, fiskehelse, mattryggleik, sjøverts ferdsel osv. Sjølve tildelinga av løyve vert forvalta av fylkeskommunen (Akvakulturlova), medan også fylkesmannen (Forureiningslova), Mattilsynet (Matlova) og Kystverket (Hamne- og farvasslova), samt Fiskeridirektoratet og kommunen er involvert i tildelinga. Fiskeridirektoratet har ansvar for oppfølging i driftsfasen og forvaltar mellom anna NYTEK- forskrifta. NYTEK-forskrifta gjev reglar som skal sikre forsvarleg teknisk standard på oppdrettsanlegg og skal bidra til å førebygge rømming av fisk.

Frå eit havbruksfagleg perspektiv kan vi ikkje sjå at det er forhold som treng avklaring i ein reguleringsplan som ikkje òg vil vera tema i handsaminga etter akvakulturlova. Det er soleis mest hensiktsmessig å gjere ei samla handsaming etter akvakulturlova. Dette heng og saman med behovet for ein rask og effektiv sakshandsamingsprosess for akvakultur. Næringa er dynamisk, der rammebetingelsane kan endrast raskt. Tidsaspektet for søknadsbehandling kan vere ein flaskehals dersom det er behov for flytting/utviding/nye lokalitetar som middel for å oppfylle nye krav. Å få ned tida det tar å få handsama søknader er eit viktig mål, også for sentrale myndigheiter. Det er derfor vedteke ei eiga tidsfristforskrift for handsaming av akvakultursøknader der det er bestemt at det ikkje skal gå meir enn 22 veker å handsame ein komplett søknad. Eit krav om reguleringsplan vil truleg auke tida det tar for tiltakshavar å få klarert ein akvakulturlokalitet.

Det at andre forvaltningsorgan enn kommunen har ansvar og myndigheit for å sikre ei berekraftig plassering og drift av akvakulturanlegg innanfor dei områda som er avsett i dei kommunale arealplanane, endrar ikkje kommunen sitt ansvar og myndigheit når det gjelder å sikre ei god og berekraftig bruk av dei tilgjengelege areala. I akvakulturlova § 8 er det spesifikt peikt på at relevante myndigheiter og kommunen, pliktar å føreta ei samordna og effektiv søknadsbehandling.

Det er fleire tilhøve som er ulike ved planlegging i sjø i høve til planlegging på land. Det mest openbare er at elementet er i stadig rørsle etter som det er påverka av straum og vind. Det er ikkje privat eigedomsrett i sjø. Mykje av den kommersielle aktiviteten er basert på konsesjonar og tillatingar. Arealbruk i sjø er vanskeleg å avgrense, og mange interesser overlappar. Planlegging kan gå føre seg i tre dimensjonar; på overflata, i vassmassane og på botnen. Flytande anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure er installasjonar som kan flyttast frå eit område til eit anna og soleis kan ein rekne desse som reversible tiltak. Flytande akvakulturanlegg i sjø som er gjevne løyve etter akvakulturloven er unnateke krav i plan og bygningsloven om byggesakshandsaming.

Kommunen sin arealplan står sentralt i å førehandsgodkjenne areal før tildeling av løyve til akvakultur. Medan ein godkjent plan bind kommunen som planmyndigheit til positivt uttale for tiltak i tråd med plan, kan søknader om lokalitetsklarering frameis bli avslått med heimel i særlovgiving av dei forvaltande organa. Avsetting av eit område til akvakultur er derfor ingen garanti i forhold til å utløyse løyve.

Det er viktig å understreke at kommunen jf. Plan- og bygningslova §§ 12.1 har heimel til å krevje reguleringsplan; «*For gjennomføring av større bygge- og anleggstiltak og andre tiltak som kan få vesentlige virkningar for miljø og samfunn, kreves det reguleringsplan*». Kommunen kan med bakgrunn i Plan- og bygningslova velje å krevje reguleringsplan for nye akvakulturanlegg, særleg aktuelt ved fleirbruk og vern i høve til private og offentlege interesser. Krav om reguleringsplan er eit planfagleg verktøy som kommunen kan nytte når dei meiner det er relevant.

Ut frå ei heilskapleg vurdering meiner vi likevel at krav om reguleringsplan for alle akvakulturanlegg er lite hensiktsmessig, og må heller ved behov stillast mot konkrete område. Med bakgrunn i dette rår Fylkesrådmannen ifrå krav om reguleringsplan for alle nye akvakulturlokalitetar.

Føresegner til akvakulturområde ved Skaftå

På bakgrunn av miljøtilhøva i Sørfjorden er det laga føresegn for akvakulturområde ved Skaftå om at det ikkje skal vera utslepp av organiske partiklar til sjø. Det er og laga føresegn om at utvida areal fyrst kan nyttast når lokalitet Blom er lagt ned.

Fylkesrådmannen er samd i Osterøy kommune si vurdering at indre delar av Sørfjorden er sårbar og at framtidig arealbruk må vera berekraftig og ivareta naturmiljøet. Vi er positive til at kommunen ønskjer å legge til rette for anlegg med fokus på teknologi som best mogeleg ivaretek berekraft og naturmiljø i sjø. Det er samstundes for tidleg å konkludere slik kommunen gjer at einaste måte å drive akvakultur i Sørfjorden er i lukka anlegg. Framlegget om lukka anlegg lar seg vanskeleg gjennomføre i praksis. Det er i dag ikkje tilgjengeleg teknologi som kan overta den matproduksjonen som er i området. Ein konsekvens av dette framlegget er nedlegging av matproduksjon og arbeidsplassar. Dersom kommunen ønskjer å legge til rette for lukka anlegg, er det meir hensiktsmessig at det gjerast ei ny vurdering av sjøområda med tanke på å legge ut nytt areal til akvakultur i staden for å nytte areal kor annan teknologi er etablert.

Næringa har etter pålegg frå regionale styresmakter sett i verk tiltak for å redusera utslepp av organiske partiklar samt eit overvåkingsprogram for å sjå på endringar over fleire år. Fylkesmannen har pålagt oppdrettselskapa som har anlegg ved Blom og Skaftå og gjennomføre tiltak som betrar miljøkvaliteten og i tillegg å ha eit overvåkingsprogram. Resultata av desse endringane i drifta vil fyrst vise seg om nokre år. Det er difor ikkje mogleg å sei noko om verknaden på det noverande tidspunkt. Sannsynlegvis vil endra drift saman med at det er eit mindre anlegg i drift i Sørfjorden ha ein positiv effekt på miljøtilstanden.

Både havbruksnæringa, regionale statlege styresmakter, fylkeskommunen og kommunen er samde om at akvakulturnæringa bør drivast på ein miljømessig forsvarleg måte. Fylkeskommunen meiner det er for tidleg å konkludere med at det einaste berekraftige måten å drive akvakultur i Sørfjorden er i lukka anlegg.

Eit vedtak om lukka anlegg vil ikkje vera framtidsretta og verksemda kan ikkje samla produksjonen på lokalitet Skaftå, eller gjera endringar på anleggsmidlane som vil betra tilhøva på lokalitet Blom og Skaftå. Årsaken er at dagens teknologi ikkje tillèt å gjera slike endringar som kommunen føreslår og næringa kan derfor ikkje gjera seg nytte av ei slik auke i areal på Skaftå og må dermed fortsette drifta på dei to nemnde lokalitetane som i dag.

Verksemda har kome med innspel om utvida areal ved Blom og Skaftå for å kunne driva ein meir berekraftig produksjon ved å gå over frå stålanlegg til ringar. Dette vil føre til at produksjonen av fisk føregår over eit større område/areal, slik at det vert betre vassgjennomstrøyming i nøtene og betre miljøforhold på botn. Vi er og kjent med at verksemda er innstilt på å teste ut løysningar for oppsamling av slam men at dette ikkje er mulig å gjennomføre i stålanlegga som er i bruk i dag. Det er dermed avgjerande å få skifta ut stålanlegg til ringer på Skaftå og Blom for å få testa ut dette. Tiltak som dermed kan betre miljøforhold på botn kan dermed ikkje bli gjennomført på grunn av avgrensingar i kommunedelplanen og slik vil kommunedelplanen virke mot sin hensikt for desse to lokalitetane.

Etter plan- og bygningslova §11-9, nr.6 kan kommunen gje generelle føresegner om miljøkvalitet, natur, landskap og grønstruktur. Statlige regler og retningslinjer for miljøkvalitet bør leggas til grunn. Det er Fylkesrådmannen si oppfatning at Osterøy kommune her går for langt i å krevja at det ikkje skal vere utslepp av organiske partiklar til resipienten. Det er ikkje heimla i ein nasjonal norm for vasskvalitet og går inn på Fylkesmannen sitt ansvarsområde for utslepp til sjø frå akvakultur. Mattilsynet har

forvaltningsansvaret i høve til lakselus. Dette vert handtert gjennom akvakulturlova, matlova og forureiningslova. Kommunen har ikkje høve til å lage føresegnar med heimel i plan- og bygningslova som går inn i myndigheitsområda til andre lovar.

Fylkesrådmannen meiner at føresegn knytt til akvakultur ved Skaftå må fjernast, og rår til motsegn på dette punktet.

Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone

Fortøyingane og ankerfesta til akvakulturanlegga ligg i mange tilfelle utafor området avsett til akvakultur. Føresegnene bør supplerast med at det er høve til å leggje fortøyingar og forankringar i fleirbruksområde utafor området avsett til akvakultur. Det er viktig at føresegnene vert utforma på ein slik måte at til dømes utlegging av nye fortøyingar frå eksisterande oppdrettsanlegg med ei anna plassering enn tidlegare kan handsamast etter akvakulturregelverket utan ei kommunal dispensasjonshandsaming i forkant. I andre nyleg vedtekne arealplanar er det teken høgde for dette i føresegnene. Her er eit døme:

Bruk og vern av sjø og vassdrag, fleirbruksområde

6.1 Føremålet er fleirbruksområde for natur, friluftsliv, ferdsle og fiske, jf. pbl § 11-7 nr. 6.

6.2 Tiltak eller inngrep som er i konflikt med natur, friluftsliv, ferdsle eller fiske er ikkje tillate, under dette flytebrygger og kaianlegg. Dette er likevel ikkje til hinder for naudsynt fortøying av anlegg for akvakultur eller utlegging av sjøleidningar for vatn, avlaup, varmpumper, straum- og telenett.

Oppsummering akvakultur

Det er knytt motsegn til forslag om å fjerne akvakulturområde ved Blom utan at tilfredstillande nye område vert tilgjengeleggjort, samt arealreduksjon av akvakulturområde ved Litletveithola, og føresegn for akvakulturområde Skaftå. I tillegg er det særlege akvakulturfaglege merknader knytt til ny vurdering av ledige akvakulturområde, reguleringsplankrav for akvakulturlokalitetar og føresegn til fleirbruksområde utanfor akvakulturområda.

3.7 Klima og energi

Vi vil særleg framheva kapitlet om samfunnstryggleik der det vert lagt vekt på tilpassing til havnivåstigning inkl. stormflo, auka skredfare og meir flaum i vassdraga. Dei avbøtande tiltaka det er gjort framlegg om, er mykje i samsvar med retningslinene for kommunal planlegging (sjå boksen over) og vil sannsynlegvis ikkje føra til store endringar i risikobiletet.

Det er positivt at kommunen har lagt inn omsynssoner rundt alle vassdrag. I planen bør ein i størst mogleg grad unngå utbygging i aktsemdsområde for flaum og skred.

Fylkeskommunen saknar tiltak for betre handtering av overvatn. Slike tiltak kan motverka flaum i vassdrag som er særleg nedbygde, t.d. i Lonevåg, og er særleg viktige grunna stor forventa nedbørsauke.

Når det gjeld akvakultur, saknar fylkesrådmannen vurderingar av klimatilpassing. I Nordhordland har næringa dei siste åra vore utsett for rømningar som skuldast vind og påfølgande slitasje på utstyr. Også Osterøy har hatt rømningar. Det kan difor vera eit spørsmål om alle lokalitetane for akvakultur er like godt eigna, ikkje minst når det er venta auka lågtrykksaktivitet og meir vind i framtida.

3.8 Kulturminne og kulturmiljø

Generelle kommentarar

Kommunedelplan for sjø og strandsone gjev eit godt oversyn over Osterøy kommune sine utfordringar og visjon knytt til strandsoneforvaltning. Prosessen rundt planarbeidet har vore omfattande. Osterøy kommune har i stor grad tatt omsyn til kjende kulturminne og kulturmiljø i konsekvensutgreiinga. Planen gjev eit godt grunnlag som reiskap for kommunen si forvaltning av strandsona. Kulturminneinteressene vert langt på veg godt ivareteke gjennom generelle føresegner og omsynssoner. Det er positivt at Osterøy kommune har lagt inn føringar som seier at det skal visast særskild omsyn i område med SEFRAK- registrerte naust.

Konflikt med nasjonale og regionale kulturminneinteresser

Arealføremål G3 i kommunedelplankart - Forslag til utviding av Hosanger kyrkjegard

Hordaland fylkeskommune viser til at kyrkjegarden frå mellomalderen er automatisk freda og Hosanger kyrkje er listeført. Kyrkja og kyrkja sine omgjevnadar har soleis regional og nasjonal verdi. Hosanger kyrkjestad er vist som omsynssone H570_6 i plankartet. Området er sårbart for inngrep. Tiltaket som omhandlar ny gravplass er for det samla kulturmiljøet særleg skjemmande. Kulturmiljøet ligg sentralt til ved fjorden ved Mjøsvågen, eit viktig historieforteljande og identitetsskapande element i landskapet.

Fylkesrådmannen har merknader til planforslaget når det gjeld omsynet til kulturminne og ber om at tiltaket med ny gravplass (vist som G3 i plankart) vert teke ut av planen. Slike tiltaket no ligg føre, er det i strid med regionalt og nasjonalt viktig kulturmiljø. Området vil miste sitt autentiske særpreg og nær- og fjernverknad er ikkje vurdert.

Riksantikvaren har gjeve innspel som kulturminnemynde for automatisk freda kyrkjer og kyrkjestadar frå mellomalderen etter kml. §§ 8 og 9.

Utdrag frå brev frå Riksantikvaren av 19.04.2016 :

«Riksantikvaren ber Hordaland fylkeskommune reise innsigelse til forslag til kommunedelplan for sjø - og strandsone 2016 - 2026, Osterøy kommune når det gjelder forslag til utvidelse av Hosanger kirkegård. En utvidelse som foreslått vil medføre en planering av terrenget som er en del av de historiske omgivelsene til kirkestedet, og føre t il en svekket opplevelse av kirkestedets historie.»



Figur 3. Hosanger kyrkjestad

Kulturminnefaglege merknader knytt til omsynssoner vern H570 og H730

Planframlegget sikrar ei rekkje kulturminne og kulturmiljø gjennom 21 nye omsynssoner for bevaring kulturmiljø H570. Det er lagt inn 14 omsynssoner for bandlegging etter lov om kulturminner H730 i planen.

Vi har i vår fråsegn merknader til følgjande nye omsynssoner for bevaring kulturmiljø H570:

- H570_6 Hosanger - kyrkje, gravlund, prestegard og naustmiljø, friområde og kai
- H570_7 Hoshovd, Breivik – Fetts fk. 1/1-2
- H570_8 Hoshovd - gravrøys
- H570_14 Hamre - kyrkje, del av gravlund og kai
- H570_16 Reistad – helleristning
- H570_19 Haus – kyrkje og gravlund
- H570_20 Bruvik - kyrkje, gravlund, prestegard, naustmiljø og kai

Vi har merknader til følgjande kulturminne bandlagt med omsynssone H730:

- | | | |
|-----------|----------------------------------|---------------------|
| • H730_2 | Hoshovd, Breivik-Fetts fk. 1/1-2 | Askeladden ID 55246 |
| • H730_3 | Hoshovd - gravrøys | Askeladden ID 55247 |
| • H730_4 | Hosanger - kyrkjegard | Askeladden ID 84636 |
| • H730_9 | Hamre – kyrkjegard | Askeladden ID 84478 |
| • H730_11 | Reistad - helleristning | Askeladden ID 60566 |
| • H730_12 | Haus – kyrkjestad | Askeladden ID 84508 |
| • H730_14 | Bruvik – kyrkjegard | Askeladden ID 83962 |

Riksantikvaren har i brev av 19.04.2016 uttalt at: «Vi ser at avgrensingen av hensynssonene H730 ikke sammen faller helt med Hosanger, Hamre, Haus og Bruvik middelalderkirkested. Vi ber derfor om at geometri for kulturminnene hentes ut fra Askeladden og overføres til plankartet.»

Retningslinjer og føresegner for omsynssone for *bevaring kulturmiljø* og omsynssone *bandlegging kulturminne* er ikkje tilstrekkeleg integrert i dei generelle føresegnene. Det må bli knytt føresegner til omsynssone H730 og retningslinjer til omsynssone H570, som sikrar at verneføremåla blir ivareteke.

Føresegner som sikrar omsynet til automatisk freda kulturminne, som må inn i planen, er følgjande:

«Omsynssone H730. I omsynssone d er det automatisk freda kulturminne. Arealet er bandlagt etter kulturminnelova § 4, jf. § 6. Det er ikkje tillate å gjere nokon form for varige eller mellombelse inngrep som er egna til å skade, øydeleggje, grave ut, flytte, forandre, dekke til, skjule eller på nokon måte utilbørlig skjemme automatisk freda kulturminne, eller framkalle fare for at dette kan skje, jf. kml. § 3. Tiltak som kan ha innverknad på automatisk freda kulturminne skal leggjast fram for Hordaland fylkeskommune som regional kulturminnemynde, jf. kulturminnelova §§ 3 og 8.»

Retningslinjer som sikrar at verneføremåla til kulturminne og kulturmiljø blir ivareteke, som bør inn i planen, er følgjande:

«Omsynssone H570. Nye tiltak skal ivareta omsynet til kulturminne/kulturmiljø i området. Saker som gjeld tiltak i omsynssona skal sendast Hordaland fylkeskommune som regional kulturminnemynde for vurdering av kulturminneinteresser.»

Vi ser det som positivt at kulturminne bandlagt med omsynssone H730 i sjø- og strandsona er sikra med omsynssone H570, eit bufferareal på 10 meter. I område der tiltak kjem i nærføring med automatisk freda kulturminne vil vi i samråd med kommunen sette nytt areal for omsynssone H570. Omsynssonen må då vurderas i kvart enkelt tilfelle ut frå landskap og topografi.

Særlege kulturminnefaglege merknader

Omsynssone i Hosanger

Det er positivt at Hosanger kyrkjestad har fått omsynssone H570_6 i planen som gjeld eit større område rundt kyrkja. Vi vil likevel be om at denne omsynssona vert knytt saman med gjeldane omsynssone H570_75 for bygningsmiljøet i Mjøsvågen. Desse områda bør regulerast til ei samla omsynssone med føremål vern. Hosanger kyrkjestad og Mjøsvågen er best tent med å bli teke vare på som eit heilskapleg kulturmiljø med stor tidsdjupne.

I KU er ikkje kulturmiljøet i Hosangervågen dokumentert eller vurdert på ein tilstrekkeleg måte, og verneverdiane for heile området er i for liten grad vorte lagt som premiss for planen.

Utviding av akvakultur på Blom

Gjennom planarbeidet har Museumssenteret i Hordaland og Hordaland fylkeskommune peika på at oppdrettsanlegget på Blom er visuelt skjemmande for kulturmiljøet på Havrå. Verkanden på kulturmiljø er vurdert til ingen verknad i KU, noko vi stiller spørsmål ved. Frå eit kulturminnefagleg ståsted er det positivt at planen legg til rette for at oppdrettsanlegget Blom ved vidare utvikling flyttast til Skaftå.

Ein eigen forvaltningsplan for Havrå er under revisjon. Det vert naturleg i samband med revisjon av denne å sjå tilknyttinga mellom nausta i Blomvågen i samband med kulturmiljøet på Havrå. Vidare avgrensing og verddivurdering vil komme i samband med kulturminneplanarbeidet i kommunen.

Vi vil i denne samanheng peike på at kulturmiljøfredinga på Havrå ikkje er teke med i oversikten over freda kulturminne. Vi ber om at dette vert retta opp.



Figur 4. Freda kulturmiljø kulturmiljø på Havråtunet og naustmiljøet i Blomvågen og omtalt areal med akvakultur på Blom og Skaftå.

Andre kulturminnefaglege merknader

Hordaland fylkeskommune har merknader til *Omsynssone friluftsliv H530_1 Hoshovdknappen*. Det ligg ei automatisk freda gravrøys med Askeladden id. 55246 innafør omsynssone friluftsliv markert som H530_1 i plankart. Nye tiltak i dette området må ta omsyn til kulturminnet og sendast til Hordaland fylkeskommune for vurdering. I samband med etablering av friluftsområde bør det utarbeidas en skjøtselsplan for kulturminne og gjerast tilrettelegging. Ta kontakt med Hordaland fylkeskommune for meir informasjon

Merknader til konsekvensutgreiinga (KU)

Hordaland fylkeskommune viser til at det er gjort eit omfattande arbeid i samband med planprosessen. Generelt er det gjort gode vurderingar for kulturminne, men nokre av arealendringane føreslått i KU vil verka negativt inn på kulturminne både direkte eller indirekte.

Hordaland fylkeskommune har ikkje gjennomført arkeologiske registreringar i kommunedelplanen sitt areal for sjø- og strandsone. Det er fleire av områda som har potensial for funn frå forhistorisk tid. Undersøkingssplikt etter § 9 i kulturminnelova skal oppfyllast i samband med utarbeiding av reguleringsplan eller ved søknad om tiltak, dette gjeld både land- og sjøareal. Tiltak i samband med utlegging av friluftsområde kan og bli omfatta av § 9 i kulturminnelova.

Hordaland fylkeskommune har gått igjennom arealendringane som er vurdert i konsekvensutgreiinga. Kulturminneinteressene vert i hovudsak godt ivareteke. Vi har merknader til nokre av arealføremåla jf. nasjonale retningsline.

NR.	Område i KU
1.	<u>Friluftsområde Kleiveland – Arealføremål S4 i plankart</u> Det er viktig at det blir spesifisert kva tiltak som kan tillatast med tanke på sikring av den gamle dampskipskaaien og naustområde som kulturminne.
13.	<u>Friluftsområde Hosanger – Arealføremål o GF4 i plankart</u> Det er positivt at området blir regulert til friluftsområde, men det er viktig å presisere at planen ikkje opnar opp for nye tiltak. Det må vere føringar for bruk av open eld ved kyrkja. Området grensar til den freda mellomalderkyrkjegarden. Hordaland fylkeskommune må slik få alle saker til vurdering.
16.	<u>Grøn struktur Hosanger – Arealføremål GG1 i plankart</u> Vi ser positivt på ivaretaking av den gamle kyrkjevegen, men når det gjeld tilrettelegging for universell utforma gangveg med dei tiltak som det krev er vi negative med omsyn til ivaretaking av dette kulturminnet. Alderen på kyrkjevegen som truleg går her er ukjend. Det er av Osterøy kommune i KU vurdert til ingen konsekvens for den gamle kyrkjevegen. Etablering av turveg kan råke kyrkjevegen og vi vurderer tiltaket til å ha negativ konsekvens for kulturminne. Undersøkningsplikta etter §9 må oppfyllast dersom det skal skje tiltak her.
18.	<u>Fritidsbustad, småbåthamn og friluftsområde- Hoshovde – Arealføremål H810_1 i plankart</u> Eit automatisk freda kulturminne, ei gravrøys med Askeladden id 55247, ligg innafør området vist som H810_1 i plankart. Forslag om naustområde like sør for automatisk freda gravrøys vil vere vesentleg skjemmande for kulturminne jf. § 3 i kulturminnelova. Vi stiller oss derfor positiv til at dette forslaget ikkje er tilrådd. Vi vil tilrå ei større omsynssone H570 rundt det freda gravminne i samband med reguleringsplan for området. Arealføremål småbåthamn er eit dominerande landskapselement som kan ha ei skjemmande fjernverknad på kulturminnet. Det er positivt at planen skal vurdere storleik og lokalisering til småbåthamn slik at konsekvensane vert minst mogleg negative. Utfylling til Heldalsholmen er eit stort inngrep i landskapet som kan ha ei negativ og skjemmande påverking på det nærliggande landskapet til gravrøysa. Undersøkningsplikta etter §9 må oppfyllast i samband med utarbeiding av reguleringsplan.
32	<u>Naustområde Hamre - Arealføremål BAB9 i plankart</u> Vi er kjent med at det i dette naustområde er eit eldre naust som er det opphavelige prestegardsnaustet. Konsekvensutgreiinga er difor ikkje dekkande på dette punktet. Dette naustet og prestegarden bør inngå i omsynssone saman med Hamre Kyrkjestad.
37.	<u>Friluftsområde Reigstad – Arealføremål S7 i plankart</u> Nytt arealføremål er like sør for eit automatisk freda helleristningsfelt med id 60566. Nye tiltak i dette området skal ta omsyn til kulturminnet og sendast Hordaland fylkeskommune for vurdering. Vi vil tilrå ei større omsynssone H 570 rundt det freda kulturminnet i samband med tiltak.
41.	<u>Utviding av Bruvik kyrkjegard – Arealføremål G1 i plankart</u> Det er kome innspel om å utvide eksisterande kyrkjegard på Bruvik. Det aktuelle arealet for utviding er gammalt jordbruksland og delvis parkeringsplass. Utviding av eksisterande kyrkjegard på Bruvik må vise til alternativ kapasitet for parkering for Bruvik kyrkje før ein tek ut delar av eksisterande parkeringsplass til ny gravplass.

	Det må utarbeidas ein reguleringsplan der utviding med parkeringsplass tar omsyn til kulturminneverdiane her. Dersom reguleringsplan er i direkte konflikt den automatisk freda kyrkjestaden eller er utilbørleg skjemmande vil Riksantikvaren ta atterhald om retten til å fremme motsegn.
42.	<u>Kyrkjekaien Bruvik – Arealføremål o GF8 i plankart</u> Det er positivt at området blir regulert til friluftsområde, men det er viktig å presiserer at planen ikkje må opne opp for nye tiltak. Det må vere føringar for bruk av open eld ved kyrkja. Området grensar til den freda mellomalderkyrkjegarden. Hordaland fylkeskommune må slik få alle saker til vurdering.

Då planen omfattar områder i sjø har saka vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum:

«Vårt ansvarsområde, etter føresegn til Lov av 9.juni 1978 nr. 50 om kulturminne, gjeld marine kulturminne og omfattar derfor sjø- og strandområda, samt vann og vassdrag. Bergens Sjøfartsmuseum er etter føresegna til Kulturminneloven marinarknologisk uttalemuseum i forbindelse med alle tiltak som vil kunne røyre sjøbotnen.

Museet er vidare rette myndigheit til å krevje undersøkingar ved tiltak, planer og utreiingar som kan røyre kulturminne under vann, og skal derfor underrettast ved oppstart av alle regulerings- og byggeplanar, samt andre tiltak som omfattar sjøareal. Vi minner om at undersøkingsplikta i Kulturminnelovens § 9 også gjelder for sjøbotnen og i vassdrag. Døme på tiltak i sjø er mudring/graving, utfylling/dumping, legging av vassleidningar, bygging av kaier, brygger, flytebrygger med meir. Særskild for kulturminne i vatn og sjø er Kulturminnelovens § 14 som inneber at skip- og skipslast eldre enn 100 år er statleg eigedom.

Varslinga skal skje gjennom Hordaland fylkeskommune, kultur- og idrettsavdelinga, eventuelt med kopi av sakene direkte til oss for uttale. Alle saker må leggjast fram for fylkeskommunen, som er mottak for alle plan og tiltakssaker. Våre vurderingar av kva for planer som krev særskilte undersøkingar vil bl.a. ta utgangspunkt i føreliggjande kunnskap om førekomstar av kulturminne, eventuelt en vurdering av regulerings-/ tiltaksområdets potensial for marine kulturminne.

Vi har sett igjennom plankarta og ser at dei registrerte kulturminne er tatt med. Og med har foreløpig ingen fleire kommentarar til planarbeidet.»

4. Oppsummering

Planen gjer eit god oversyn over Osterøy kommune sine utfordringar og status knytt til sjø- og strandsoneforvaltning. Prosessen rundt planarbeidet har vore omfattande og god med deltaking frå mellom anna kommunen, fylkeskommunen og fylkesmannen.

Det er positivt at kommunen har gjort ei kartlegging av funksjonell strandsonen og nytta dette i vurderingar av innspel til tiltak i strandsona (Funksjonell strandsonen er definert som «Den sona som står i innbyrdes direkte samspel med sjøen både økologisk, topografisk og/eller bruksmessig»). Dette gjer eit godt utgangspunkt for faglege og konsistente vurderingar. Det er positivt at kommunen har satsa på fellesløysingar i strandsona for tilkomst, då det er viktig at kommunen sikrar ålmenta tilgang til sjø.

Fylkeskommunen er positiv til både gjennomføring av slike registreringar og korleis desse vert nytta i planarbeidet. I dette kommunedelplanarbeidet har kommunen i tillegg arbeida parallelt med barnetrakk

registreringar og prosjektet «Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde» for å sikre eit godt kunnskapsgrunnlag og at barn og unges interessert vert vektlagt i planprosessen. Dette er i tillegg svært positivt sett frå eit folkehelseperspektiv.

Fylkeskommunen stiller seg svært positiv til at kommunen har det å sikre tilgang til verdifull strandsone for ålmenta som eit av sine viktige føremål med planen. Tilgangen til natur og friluftsområde er ein viktig kvalitet for innbyggjarar og tilreisande i kommunen.

Det er positivt at kommunen systematisk har sikra attraktive område for friluftsliv i strandsona. Generelt meiner vi at kommunen i sitt planforslag i hovudsak har ilagt landskapsverdiar grundig vekt i vurdering av innspel til kommunedelplanen

Vi vil framheva kapitlet om samfunnstryggleik der det vert lagt vekt på tilpassing til havnivåstigning inkl. stormflo, auka skredfare og meir flaum i vassdraga. Dei avbøtande tiltaka det er gjort framlegg om, er mykje i samsvar med retningslinene for kommunal planlegging. Det er positivt at kommunen har lagt inn omsynssoner rundt alle vassdrag. I planen bør ein i størst mogleg grad unngå utbygging i aktsemdsområde for flaum og skred.

Det er knytt motsegn til forslag om å fjerne akvakulturområde ved Blom utan at tilfredstillande nye område vert tilgjengeleggjort, samt arealreduksjon av akvakulturområde ved Littleveithola, og føresegn for akvakulturområde Skaftå. I tillegg er det særlege akvakulturfaglege merknader knytt til ny vurdering av ledige akvakulturareal, reguleringsplankrav for akvakulturlokalitetar og føresegn til fleirbruksområde utanfor akvakulturområda

Osterøy kommune har i stor grad tatt omsyn til kjende kulturminne og kulturmiljø i konsekvensutgreiinga. Kommunedelplan for sjø og strandsone gjev eit godt oversyn over Osterøy kommune sine utfordringar og visjon knytt til strandsoneforvalting. Planen gjev eit godt grunnlag som reiskap for kommunen si forvalting av strandsona. Kulturminneinteressene vert langt på veg godt ivareteke gjennom generelle føresegner og omsynssoner. Det er positivt at Osterøy kommune har lagt inn føringar som seier at det skal visast særskild omsyn i område med SEFRAK- registrerte naust.

Fylkesrådmannen har merknader til planforslaget når det gjeld omsynet til kulturminne og ber om at tiltaket med ny gravplass ved Hosanger kyrkjegard vert teke ut av planen. Det er knytt motsegn til dette punktet, då forslaget er i strid med nasjonale og regionale kulturminneverdiar.

Retningsliner og føresegner for omsynssone for *bevaring kulturmiljø* og omsynssone *bandlegging kulturminne* er ikkje tilstrekkeleg integrert i dei generelle føresegnene. Det må bli knytt føresegner til omsynssone H730 og retningsliner til omsynssone H570, som sikrar at verneføremåla blir ivaretekne.